

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-223	21/1115

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2022	Kraftfondsstyret	PS	29.04.2022
	Kommunestyret	PS	

Søknad om tilskot gjennom kraftfondet - Nautesund Camping & hytter

Vedlegg:

Journalposttittel

Kraftfondet - søknad om tilskot
Foretningsidè

Dato

01.12.2021
01.12.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Nautesund Camping & hytter får tildelt inntil kr. 250.000,- i tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsføremål, kafe/restaurant sagbruket

1. Nautesund Camping & hytter får tilbud om lån gjennom kraftfondet med stort kr 500.000 til investeringsføremål.
2. Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.
3. Lån med pant i eigedom

Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 5.05.2023

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om kr. 800.000 i tilskot gjennom kraftfondet til prosjekt med ein total kostnad på 4,8 mill.kr.

Høyring

Søkjjar er invitert inn til møte, for å orientere om prosjekt/søknaden kl. 10 den 29.3.

Saka vert deretter handsama i kraftfondstyremøte i april 22

Fakta

Viser til søknad med vedlegg som følger som sakstilfang

Relevante forhold i høve vedtektene & retningslinene for kraftfondet,

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- Bedriftsutvikling kr. 50.000,-
- Investeringar kr. 250.000,-
- Utlån kr. 500.000,-

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt.

Vurdering

Søknaden om støtte er stor i kraftfondsamanheng. Retningslinene for kartfondet vart endra sist 2.12.21., kor ein gjorde ei endring nettopp på dette punktet. Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. Søkjar ga 29.3.22 eit godt inntrykk for bakgrunn og gjennomføring av prosjektet. Tilrår at kommunen bidrar med det ein kan gjennom kraftfondet for at prosjektet kan la seg realisera.

Konklusjon

Tilrår at Nautesund Camping & hytter får tildelt inntil kr. 250.000,- i tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsføremål, som er maks tilskotssum som ein kan tildele gjennom kraftfondet. Sjølv om det ikkje er søkt om, tilbyr ein lån gjennom kraftfondet, stort kr 500.000 til investeringsføremål. Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid. Lån med pant i eigedom. Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 5.05.2023

Kraftfondsstyret - 011/2022

KRFT - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - vedtak:

Nautesund Camping & hytter får tildelt inntil kr. 250.000,- i tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsføremål, kafe/restaurant sagbruket

1. **Nautesund Camping & hytter får tilbod om lån gjennom kraftfondet med stort kr 500.000 til investeringsføremål.**
2. **Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.**

3. Lån med pant i eidegom

Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 5.05.2023